

Forteljinga om ein varsla smell



TURISME

BJØRN EGIL FLØ
Bygdesosilog

Med overskrifta «Fyr her!» varslar styremedlem i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) – Knut Erik Engh – og hans gode venn og administrerande direktør i same selskap – Tom Anker Skrede – at det snart smell. Men fakta er at det har alt smolle og mykje gjekk sundt i smellen. Og vit at det var dokke sjølve som tente lunta.

Inspirert av ei freisting om å skildre meg som «ein sjølvgod elitist som manglar både bakkekontakt og vidsyn», har dei sett seg i hop for å skrive noko dei kallar eit «svar» til mitt innlegg «Gi meg fyr» som vart publisert i Vikebladet den 16. mars. Rett nok gir dei meg «enkelte gode poeng», som dei skriv, men dei etterspør samstundes «konstruktive innspel i det vidare arbeidet». Ja, det er ikkje løye det, for mitt mål var ikkje å gi dei konstruktive innspel til det vidare arbeidet, men snarare å fortelje dei at dei har kødd til det vidare arbeidet med grunnleggjande dårleg forarbeid.

Om Engh ønskjer råd om kva han skal gjere vidare bør han legge frå seg styrevervet i DÅS ein augneblink og ta på seg ordførarkjeda før han les brevet han har fått frå aksjonsgruppa som i desse dagar har samla underskrifter mot dette «top down» vedtaket som ligg til grunn for heile denne debatten. For der står rådet klart og tydleg. Dei ber berre om at vedtaket «vert gjort om, slik at prosessen kan starte på nytt og då som eit tillitsbasert samarbeid med bebuarar og næringsaktørar på Flø og dei andre som potensielt vil bli påverka av ei eventuell auke i reiselivsaktiviteten til Flø».

Det er også det substansielle innhaldet i mitt innlegg, det handlar om tillit. For den som les middels godt vil evne å få med seg formuleringa: Faktisk tenkjer eg at ein fyrstasjonsstatus også kan vere bra for Flø, om etableringa av den statusen vert initiert av Flø folket sjølve og om dei sjølve også får høve til å definere føresetnadane for ein slik status. Og nett her ligg kjer-



FYRLYKTA PÅ FLØ: Mange av innbyggjarane på Flø protesterer mot at bygda skal trekkast fram som eit «fyrstasjon» innan turistsatsinga til Ulstein kommune og Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. ARKIVFOTO

nen for det som no lett kan slå ut i mistru, ikkje berre til lokale politikarar og forvaltarar, men i verste fall også mellom bebuarar og næringsutøvarar på Flø og langs fløvegen. Og om Engh og hans DÅS venner trur at dei med dette forarbeidet har etablert eit godt klima for det vidare arbeidet er det i beste fall naivt.

Engh og Skrede undrar seg på korleis eg kan hevde at turistar ikkje kjem til Noreg på grunn av natur og opplevingar. Ja, eg innrømmer at det kan verke noko kryptisk, men lat meg få forklare kva som ligg i det. Dei alle fleste målingar frå slike reiselivsundersøkingar ber i seg grunnleggjande metodefeil og lid ofte av å vere påverka av utanforliggjande faktorar, som mellom anna den marknadsføringa dei reisande har vore påverka av då dei valte reisemålet. Norsk reiseliv har i alle år marknadsført seg som eit reisemål der natur og opplevingar er «vara». Og skulle ein reisande vere interessert i noko anna er det få eller ingen grunnar til å velje Noreg som reisemål, med mindre ein kjenner landet godt frå før. Er du interessert i samspillet mellom menneske og natur, eller det eg kalla «kulturen sin konstante infiltrering i naturen» i mitt førre innlegg, er

det vanskeleg å sjå, utifrå marknadsføringa, at Noreg er det rette reisemålet. Går ein inn i litt djupare studiar enn berre dei enkle marknadsundersøkingane, vil ein sjå at ein stor del av dei reisande opplever at Noreg faktisk ikkje leverer nemneverdig bra på det dei lovar, altså på natur og opplevingar aleine. Det finst mange reisemål der fjella og isbreane er både høgre, vidare og villare. Og fleire stadar i verda kan også operatørane tilby langt meir actionprega opplevingar, enn kva ein kan få her til lands, og det også til ein lågare pris. Men det mange likevel opplever er at dei ser noko dei ikkje var heilt førebudd på, nemleg at det bur folk midt iblant denne villskapen.

Personleg, og her har eg mange reiselivsforskarar med meg, meiner eg at dei store aktørane i norsk reiseliv har evna dårleg å utnytte det særegne med det norske reiselivslandskapet. Alt så det som skil seg ut ifrå kva størsteparten av konkurrentane kan tilby. Framfor å lage eit bulkprodukt, altså eit produkt der auken i verdiskaping fyrst og fremst skjer gjennom å auke volumet, bør ein satse på å spisse seg tydelegare i marknaden og finne nisjar på verdsmarknaden som er villig til å

betale meir for dei særskilt gode produkta. Då kan verdiskapinga auke utan å auke talet på reisande.

Truleg er den ein-sidede tenkinga kring destinasjon ei av forklaringane til at me har hamna der me er no i norsk reiseliv. Den Glasgow baserte reiselivsforskaren Richard Butler har i fleire år åtvåra mot nett ei slik satsing. Innanfor det politisk-økonomiske systemet me har i det meste av den vestlege verda i dag, seier Butler, vil ein destinasjon berre ha ei tilmålt levetid. Han skildrar dette med å referere til eit produkts levetid og den velkjente S-kurven. «Det uløyste problemet», seier Butler «er det jamt aukande talet på reisande og den innverkna den denne veksten har på lokalsamfunna så vel som på sjølve destinasjonen». «Men», seier Butler vidare «korkje industrien eller myndighetene ser ut til å anerkjenne at talet på turistar er eit problem som må handterast og regulerast». Resultatet vert at både dei reisande sjølve og lokalbefolkninga opplever at eksklusiviteten til lokalsamfunnet svinn. Dermed forsvinn også dei reisande med størst betalingsvilje saman med dei lokale som trivst jamt mindre i rolla som «reiselivskulisar». Tilbake set lågtlont

utanlandsk arbeidskraft på midlertidige stillingar i ein industri prega av låg organisasjonsgrad og liten eller ingen sosial mobilitet.

Det er utviklinga som me kjenner frå mellom anna Lofoten og ei rekkje andre stadar kring om i landet. Og no nemner eg Lofoten igjen, sjølv om Eldar Stein Flø i sitt sokalla «svar til aksjonsgruppa» (Vikebladet 21. mars) instendig bad om at me ikkje skulle gjere slike samanlikningar. Her må eg berre få legge til at den samanlikninga er det i fyrste omgang dette «Strateginotatetet» som gjorde. Men sjølv om Eldar Stein ikkje ønskjer at Flø nokon gong vert Lofoten, så vil eg berre minne han på at langs vegane til stadar som Bø, Nyksund og Stø i Vesterålen, vert det rekna nær 25 000 bilar i turistsesongen. Det er dryge 4,5 time frå Reine i Lofoten og til Nyksund i Vesterålen, medan det frå Geiranger til Flø er det knappe 3,5 timar, så personleg ser eg ikkje vekk ifrå at DÅS nok kan ha ambisjonar som skil seg ein tanke frå dei Eldar Stein har.

Eg tenkjer det er grunnleggjande uklokt av dei som ønskjer å utvikle reiselivet til ei berekraftig og viktig næring på ytre søre Sunnmøre, å ignorere den lokale uroa som finst hjå dei som kjenner det på kroppen. Å syne til ei nasjonal spørjeundersøking tinga av den fremste promotoren for ein-sidedig reiselivssatsing (les innovasjon Norge) for å underkjenne folket på Flø og dei som bur langs vegen sine opplevingar, er vel absolutt elitistisk og vitnar ikkje berre om mangel på bakkekontakt, men også om mangel på vilje til å skaffe seg den naudsynte bakkekkontakta. Og då vert det ikkje betre av at dei i tillegg les selektivt frå resultatata som undersøkinga syner. For du skal ikkje leite lenge i den blekka for å sjå at heile 72 prosent av dei som bur i pressområda opplever lokalsamfunnet sitt som over-turistifisert. Dei opplever at infrastruktur som vegar og anna er overbelasta og at turistane slit på landskapet og gjer villkåra for andre næringsutøvarar vanskeleg. Men det betyr ikkje at dei meiner reiselivet er uviktig, det betyr berre at også den næringa treng ta grep for å utvikle seg i ei berekraftig retning. Og då kan ein starte med å lytte. For dette bør reiselivet ta seriøst, og enno viktigare er det at våre tillitsvalte politikarar bør hugsar på kven som har gitt dei tillita og ikkje blandar rollene sine.

Dette vert mitt siste innlegg i denne debatten, så no kan Engh få siste ordet, om han har noko klokt å seie.